Statsforvaltaren i Vestland

| Vår dato: | Vår ref: |
|---|---|
| 20.12.2023 | 2020/5845 |
| Dykkar dato: | Dykkar ref: |
| «RefDato» | «Ref» |

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

# Kunngjering av vernevedtak for Kudalen naturreservat i Stad

I dag, den 20. desember 2023, vart 27 nye skogområde verna i Noreg ved kongeleg resolusjon. Eitt av desse ligg i fylket vårt, i Stad kommune, der eit område med gamal furuskog no har fått varig vern.

Vernevedtaket i statsråd omfattar 121,6 $km^2$ nytt verneareal, og er ledd i arbeidet med å ta vare på eit representativt utval av norsk natur og sikre truga, sjeldne og sårbare artar og naturtypar for framtidige generasjonar. Kudalen naturreservat utgjer eit areal på 1578 dekar og er eigd av private grunneigarar. Området blir verna gjennom ordninga for frivillig skogvern. Prosessen fram mot vernevedtak har vore eit samarbeid mellom grunneigarane, AT Skog og statsforvaltinga.

Foredraget til Kongeleg resolusjon finn du på Klima- og miljødepartementets heimeside: Verner 27 skogområder i åtte fylker - regjeringen.no. Du kan også lese meir om vernearbeidet på nettsida vår under temaet miljø og klima.

## Tek vare på viktig natur

Kudalen naturreservat ligg aust for Hunvika i midtre Nordfjord og dekkjer heile gradienten frå fjord til fjell. Området har gammal furuskog med bjørk og osp. Mykje lungenever og hengelav er jamt fordelt i området som vart kartlagt. At området ligg i boreonemoral sone, delvis lokalisert i lågareliggjande område, og har ein del areal på høgare bonitetar gjer at Kudalen bidreg til å fylle manglar i skogvernet i Vestland. Ein viktig del av formålet med vernet er at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg. Intakt natur er viktig også i eit endra klima.

Samarbeidet mellom skogeigarorganisasjonane og miljømyndigheitene om frivillig vern av privateigd skog starta i 2003. Til no er 887 skogområde blitt verna i dette samarbeidet.

## Vernekart og vernereglar er lett tilgjengeleg

Verneforskrift og vernekart blir oppbevart hos miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet, i Klima- og miljødepartementet og i kommunen. Reservatet er avmerkt i offisielle digitale kartportalar som fylkesatlas, Naturbase og Kilden. Gjennom desse digitale karta kan ein også følgje lenkje til verneforskriftene som elles er å finne på lovdata.no. Grunneigarar og andre

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger; Statens hus, Kaigaten 9, Bergen; Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl
Org.nr. 974 760 665

rettshavarar som ønskjer å få oversendt papirkopi av vernekart og vernereglar kan ta kontakt med oss. Alle som har hatt saka på høyring blir underretta om vedtaket gjennom dette brevet.

Vi minner om at kommunen må sørge for å gjere vernegrenser og vernekart kjent og tilgjengeleg, slik at omsynet til verneområdet blir innarbeidd og ivareteke i kommunane si arealplanlegging.

## Erstatning

Kudalen naturreservat er oppretta gjennom ordninga med frivillig vern av skog. Ved frivillig vern av skog er erstatningssummen avtalt med grunneigar på førehand, og blir utbetalt av Miljødirektoratet kort tid etter at vernevedtaket er fatta, med mindre det er gjort anna avtale mellom grunneigar og Miljødirektoratet.

## Bruk og skjøtsel

Vernet fører med seg ei innskrenking i grunneigar si råderett over eigedomen sin. Naturreservatet er no freda mot alle inngrep som kan forringe verneverdiane, jf. verneforskrifta. Hogst og andre tekniske inngrep er forbode. Friluftsliv, jakt og fiske kan fortsette som før, etter vanlege reglar, og det er framleis lov å plukke bær og sopp.

Dersom ikkje anna er nemnt i verneforskrifta så gjeld viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og motorferdslelova. Forvaltningsmyndigheita kan setje i gang skjøtselstiltak for å sikre verneverdiane, som t.d. uttak av framande artar.

## Forvalting og oppsyn

Miljødirektoratet fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt for naturreservatet. Eventuelle spørsmål om forvaltning kan bli stilt til Miljødirektoratet. Kommunar som ønskjer delegert forvaltningsmyndigheit kan gje tilbakemelding til Miljødirektoratet om dette. Dersom det ikkje er ønskje om lokal forvaltning blir vanlegvis forvaltningsmyndigheita lagt til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren vil i samarbeid med Jordskiftekontoret sørgje for at områda blir merka, skilta og kartfesta. Jordskifteretten vil styre grensemerkinga og invitere med grunneigarane på dette når det vert aktuelt.

Det er Miljødirektoratet ved Statens naturoppsyn (SNO) som gjennom Lov om statlig naturoppsyn, skal føre kontroll med at reglane i verneforskriftene blir følgt. Oppsynet skal drive rettleiing og informasjon, samtidig som dei kan drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon etter oppdrag frå forvaltningsmyndigheita.

Spørsmål knytt til vernevedtaket og om forvaltninga kan du rette til Statsforvaltaren i Vestland. Vedtaket om vern er presentert på heimesidene våre: Første naturreservat med frivillig skogvern i Stad kommune | Statsforvaltaren i Vestland (statsforvalteren.no) Vernevedtaket blir også kunngjort i lokalaviser som blir lest på staden.

## Stor takk til grunneigarane og kommunane

Avslutningsvis ønskjer vi å rette ein spesiell takk til både grunneigarane og kommunen for at dei over lang tid har hatt ein klok og framtidsretta bruk og arealforvalting av områda. Dette har sikra viktig natur for framtida.

Med helsing

Halvor Røssum
rådgjevar

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:
1 Kunngjering av vernevedtak for Kudalen naturreservat i Stad

Mottakarliste:

| | | | |
|---|---|---|---|
| AT SKOG SA | Postboks 116 Sentrum | 3701 | SKIEN |
| Avinor | Postboks 150 | 2061 | GARDERMOEN |
| Den Norske Turistforening | Youngstorget 1 | 0181 | OSLO |
| Det norske skogselskap | | | |
| Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard | Postboks 3021 Lade | 7441 | TRONDHEIM |
| Fiskarlaget Vest | Slottsgaten 3 | 5003 | BERGEN |
| Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening | Postboks 5471 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Fiskeridirektoratet | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| Forsvarsbygg | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |
| Fortidsminneforeningen | Dronningens gate 11 | 0152 | OSLO |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane | Sognefjordvegen 40 | 6863 | LEIKANGER |
| Friluftslivets Fellesorganisasjon | Nedre Slottsgate 25 | 0157 | OSLO |
| Friluftsrådenes Landsforbund | Gamle Drammensvei 203 | 1337 | SANDVIKA |
| Høgskulen på Vestlandet | Postboks 7030 | 5020 | BERGEN |
| Håkon Hunvik | Hundvikvegen 444 | 6774 | Nordfjordeid |
| Ingvill Henden | Hundvikvegen 550 | 6774 | Nordfjordeid |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 Dep | 0032 | OSLO |
| KS - Kommunesektorens organisasjon | Postboks 1378 Vika | 0114 | OSLO |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Landbruksdirektoratet | Postboks 1450 Vika | 0116 | OSLO |
| LANDBRUKSDIREKTORATET | Postboks 1450 Vika | 0116 | OSLO |
| Luftfartstilsynet | Postboks 243 | 8001 | BODØ |
| Magne Harald Hunvik | Barbra Rings Vei 3 | 1358 | Jar |
| MIDTRE NORDFJORD TURLAG | Lyngvegen 18 | 6823 | SANDANE |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| MYRBAKKEN SEVERIN | SVENDSTU OPPHUS | 2450 | RENA |
| Natur og ungdom | Postboks 4783 Sofienberg | 0506 | OSLO |
| Naturhistorisk museum | Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |

| | | | |
|---|---|---|---|
| NHO Reiseliv | Postboks 5465 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Norges Bondelag | Postboks 9354 Grønland | 0135 | OSLO |
| Norges Dykkeforbund | Serviceboks 1, Ullevåll Stadion | 0840 | OSLO |
| Norges Geologiske Undersøkelse | Postboks 6315 Torgarden | 7491 | TRONDHEIM |
| Norges Handikapforbund | Postboks 9217 Grønland | 0134 | OSLO |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund | Postboks 94 | 1378 | NESBRU |
| NORGES JEGER OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE | Rygg | 6823 | SANDANE |
| Norges Kystfiskarlag | Postboks 97 | 8380 | RAMBERG |
| Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet | Postboks 5003 | 1432 | ÅS |
| Norges Miljøvernforbund | Postboks 539 | 5806 | BERGEN |
| Norges Naturvernforbund | Miljøhuset, Marieboesgate 8 | 0183 | OSLO |
| Norges Orienteringsforbund | Postboks 5000 | 0840 | OSLO |
| Norges Skogeierforbund | Postboks 1438 Vika | 0115 | OSLO |
| NORGES SKOGEIERFORBUND | Postboks 1438 Vika | 0115 | OSLO |
| Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| Norsk Bergindustri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Norsk Biologforening | Postboks 1066 Blindern | 0316 | OSLO |
| Norsk Bonde- og Småbrukarlag | Akersgata 41 | 0158 | OSLO |
| Norsk Botanisk Forening | c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Norsk Industri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Norsk institutt for bioøkonomi | Postboks 115 | 1431 | ÅS |
| Norsk institutt for naturforskning | Postboks 5685 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS | Postboks 7079 St. Olavsplass | 0130 | OSLO |
| Norsk Ornitologisk Forening | Sandgata 30 B | 7012 | TRONDHEIM |
| Norsk Sau og Geit | Postboks 104 | 1431 | ÅS |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norsk Zoologisk Forening | Boks 102 Blindern | 0314 | OSLO |
| Norskog | Postboks 123 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| NTNU | Postboks 8905 | 7491 | TRONDHEIM |
| Rønnaug Torheim | Hundvikvegen 510 | 6774 | Nordfjordeid |
| Sabima | Mariboes gate 8 | 0183 | OSLO |
| SFE KRAFT AS | Sørstrandsvegen 227 | 6823 | SANDANE |
| SFE PRODUKSJON AS | c/o Sogn og Fjordane Energi AS Sørstrandsvegen 227 | 6823 | SANDANE |
| Stad kommune | Rådhusvegen 11 | 6770 | NORDFJORDEID |
| Stadnamntenesta på Vestlandet | Postboks 7805 | 5020 | BERGEN |
| Statens Kartverk | Postboks 600 Sentrum | 3507 | HØNEFOSS |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |
| Statkraft SF | Postboks 200 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| STATNETT OSLO HOVEDKONTOR | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| Statnett SF | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| Technogarden | Vestfjordgaten 4 | 1338 | SANDVIKA |
| Universitetet i Bergen | Postboks 7800 | 5020 | BERGEN |
| Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet | Postboks 6050 Langnes | 9037 | TROMSØ |
| Vegdirektoratet | Boks 8142 Dep. | 0033 | OSLO |
| Vest politidistrikt | Postboks 85 | 6901 | FLORØ |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| WWF Verdens naturfond | postboks 6784 St. Olavs Plass | 0130 | OSLO |
| LINJA AS AVD GLOPPEN | | 6823 | SANDANE |